Giske kommune
historisk og framtidsretta

Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500

6404 MOLDE

Dykkar ref.	Vår ref.	Dato
	26/7585 - 1	05.11.2026

Behald rutetilbodet over Breisundet

Ordførarane i Giske, Hareid og Ålesund ber fylkeskommunen om å reversere avgjerda om å fjerne Hareidruta sine avganger frå Hareid kl. 05.45 og frå Valderøya kl. 06.55 gjeldande frå og med 01.01.2027.

Pendlaravgang frå Valderøya

Avgangen frå Valderøya kl. 06.55 er avgjerande for innbyggjarar på Vigra, Valderøya, Giske, Godøya og Ellingsøya som pendlar til kompetansearbeidsplassar på Søre Sunnmøre. Hareid Group og Jets er mellom fleire bedrifter i Hareid kommune som har rekruttert kritisk fag- og leiarkompetanse som dagleg nyttar denne ruta for å kome seg på arbeid. Fjerning av pendlaravgangen vil få konsekvensar både for dei tilsette og for bedriftene som er avhengige av denne kompetansen.

Det er vanskeleg å sjå at gevinsten ved ruteendringa står i forhold til konsekvensane. Den einaste forskjellen i eksisterande og ny rutetabell for denne avgongen er at hurtigbåten som no går frå Ålesund til Hareid, via Valderøya, er vedtatt som direkterute utan stopp på Valderøya gjeldande frå nyttår 2027. Tids- og kostnadsinnsparinga for fylkeskommunen må vere marginal.

Samtidig er konsekvensane for næringslivet reelle. Endringa fører til at arbeidsmarknaden over Breisundet blir mindre tilgjengeleg, og det blir vanskelegare for bedrifter i den maritime klynga å rekruttere og halde på nødvendig kompetanse.

Difor meiner vi at dette er ei endring som bør vere enkel å reversere. Eit kort stopp på Valderøya har store positive verknader for pendlarar og næringsliv, utan at det krev vesentlege ressursbidrag frå fylkeskommunen.

Korrespondanse med morgonflya

Det er også grunn til å peike på at morgonavgangen frå Hareid kl. 05.45 er teken ut av ruta. Denne avgangen har stor verdi for den eksportretta maritime industrien på Søre Sunnmøre. For mange bedrifter er denne ein føresetnad for å nå morgonflya frå Ålesund lufthamn Vigra og vidare ut til kundar, leverandørar og prosjekt over heile verda.

Endringane handlar ikkje berre om lokal transport, men om korleis fylkeskommunen legg til rette for næringsliv, kompetanse og verdiskaping i den viktigaste eksportregionen i landet.

Fleire verksemder som vert råka av desse ruteendringane har tatt kontakt med oss i saka. Engasjementet er stort.

Vi krev at samferdselsutvalet ser på saka på nytt og finn rom for å vidareføre både pendlarstoppet på Valderøya og morgonavgangen frå Hareid.

På vegner av ordførarane i vertskommunane for Hareidruta:
Håkon Lykkebø Strand – ordførar i Ålesund kommune
Bernt Brandal – ordførar i Hareid kommune
Kenneth Langvatn – ordførar i Giske kommune

Med helsing

Kenneth Langvatn
ordførar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Likelydande brev sendast:
Fylkesordførar Anders Riise

Kopi til:
Medlemmar av
samferdselsutvalet